

Vestlandsbønder er mest negative til lønnsemda

Bøndene på Vestlandet ser mørkare på den økonomiske framtida som jordbrukarar enn bønder i andre delar av landet.

Det kom fram under lanseringa av Landbruksbarometeret 2021 måndag.

- Vi ser ein nedgang i talet på bønder som meiner lønnsemda i bondeyrket er bra eller ganske bra, sa Christian Anton Smedshaug i Agri Analyse då barometeret blei lagt fram.

- Bøndene på Vestlandet, i Agder og i Nordland er mest negative til lønnsemda. Bøndene i Viken-området og i Trøndelag er mest positive, sa han.

Ekstra aktuelt i år

Agri kjem med eit nytt landbruksbarometer annakvart år. Landbruksbarometeret som blei presentert måndag, er det femte i rekka. I år blir barometeret presentert samstundes med at bønder over heile landet deltar i eit bondeopprør for å betre kåra sine.

- Bondeopprøret skjer i lys av at det i fjor berre var 6 prosent av bøndene som var nøgde med jordbruksoppgjæret. Samanlikna med 2013 kor om lag ein tredel av bøndene var nøgde er det svært låge tal, sa Smedshaug.

- Det byggjer opp om forståinga av at det er betydeleg frustrasjon i næringa, sa han.

Nedlagde gardar ligg brakk

Barometeret i år syner òg at det har vore ein stor nedgang i jordbruksareal som er i drift. Agri peikar på at areala på nedlagde bruk i mindre grad enn før blir innlemma i andre bruk.

- Driftseiningsstorleiken auka vesentleg meir frå 2000 til 2009 enn frå 2010 til 2020. Det betyr at evna bøndene har til å ta opp anna areal blir dårlegare og dårlegare, sa Smedshaug.

Også her syner tala at det er bønder i vest, i Agder og i Nordland som kjem dårlegast ut.

- Vi ser ein samanheng. Det er dei delane av Noreg kor bøndene opplever best lønnsemd at minst jordbruksareal går tapt, sa analytikaren.

Investeringsbehov i storfe

Smedshaug og Agri gjekk òg gjennom tal som peikar på investeringsbehov i landbruksnæringa.

- Det er innan storfedrift investeringsbehovet er størst, sa Smedshaug.

Vidare peika han på samanhengen mellom inntekt og investering.

- Det er store utfordringar knytt til investering. Mange opplever at det er for låg lønnsemd til at det betalar seg. Det er for mykje usikkerheit i næringa, sa han.

(NPK)

Image-text:

Bøndene på Vestlandet ser mørkare på framtida som jordbrukarar enn bønder i andre delar av landet. Foto: Terje Bendiksby / NTB / NPK

Extra-info:

Fakta

Fakta

Landbruksbarometeret gir ei samla framstilling av utviklinga i norsk landbruk.

Barometeret i år er det femte i rekka. Dei tidlegare barometera kom ut i 2014, 2015, 2017 og 2019.

Barometeret baserer seg på ei spørjegransking blant 1121 personar i perioden 11. februar til 5. mars 2021.